



Sjå <http://uwrcrn.no/academics/>
for generell informasjon om studiet på UWC Røde
Kors Nordisk, for vg2 og 3 eller kontakt:

Leonie Merts Koning:
tel. 57 73 70 04.

Søknad til admissions@rcnuwc.no med søknadsfrist 1.
februar, 2018.

Aktuelle søkjarar vil bli innkalla til intervju på skulen
medio februar.

Skulen vil informere søkjarane og opplæringsavde-
linga i fylket om utfallet av søknad innan 1. mars,
som er søknadsfrist til andre vgs studier på VIGO.

Internasjonale studieplassar i Sogn og Fjordane



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Med skulestart august 2018 kan UWC Røde Kors Nordisk og Sogn og Fjordane Fylkeskommune i samarbeid tilby eit to-årig studie som leier fram til Diplom for International Baccalaureate (IB), gjennom ei fylkesdekkande linje.

Søkjarar må vere busette i Sogn og Fjordane.

IB er eit toårig universitetsførebuande opplæringstilbod som byggjer på fullført vg1 frå eit studieførebuande utdanningsprogram. Eksamen frå IB-lina kvalifiserer for opptak til dei fleste høgare lærestader i verda, med moglegheiter for spesielle «scholarships». Den daglege undervisninga er på engelsk, på UWC Røde Kors Nordisk, på Haugland i Fjaler. Om ønskeleg kan ein få overnattingsplass og måltid på campus.

Utdanningstilbodet er gratis.



Om ein går for modellen med overnatting og mat på campus, vil det vere ein årleg eigenandel på 30.000 kr for skuleåret 2018-19. I tillegg skal det elevane får som bo- og statsstipend gjennom Lånecassen, bli betalt som eit restbeløp for å dekke skulen sine kostnader.

På same vis som ungdommar i resten av landet, kan elevar i Sogn og Fjordane søkje på studieplassar til alle UWC skulane i verda, gjennom UWC Norge (nasjonalkomiteé med kontor i Oslo). Søkjarar bør velje ein av desse kanalane. Dvs dei som søker gjennom nasjonalkomiteen vil ikkje vere kandidat for den fylkesdekkande linja.

